



Trond Mylebust får no motbør for sandtak-planane sine. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Steinar Haugland har no, på vegne av naboar på Haugland, kome med ei rekkje kritiske merknader til reguleringsplanen for Uskedalen sandtak. Han krev synfaring av forvaltningskomiteen og ønskjer å delta under synfaringa.

- Det er for oss heilt uaktuelt å godta at det stille og fredede miljøet, som er ein av grunnane til at vi bur her, vert rasert, skriv Haugland.

Haugland skriv i uttala til kommunen at planen slik han føreligg no er svært overfladisk og manglar svar på ei rekkje viktige spørsmål. På Haugland er det 45 personar som bur nærare enn 350 meter frå reguleringsområdet og 12 av desse er under 13 år.



Omfanget av utaksområdet blir vist på dette biletet, som er manipulert av Gaute Haugland.

Naboane er svært urolige for støy- og støvplagene som vil følgja med eit sandtak. Haugland viser til at det er planlagt å nytta eit mobilt sorteringsverk og at det kan nyttast knuseverk. Arbeid og uttransport skal gå føre seg seks dagar i veka mellom klokka 0600 og 2200.

Landskapet rundt reguleringsområdet består av kulturlandskap som er svært ope og ikkje støyskjermende og det står ingenting om planar om støyskjerming. Det er heller ingen planar for kantsoner med vegetasjon mot naboegendomane og det er ikkje utarbeidd nokon konsekvensanalyse for støy og støvplager.

Naboane på Haugland fryktar fysiske og psykiske plager.

Massane skal fraktast vekk på lastebil og uttaket er stipulert til 1,4 millioner kubikkmeter som tilsvarar 2,1

millionar kubikkmeter lausmasse. Det er det same som 233.000 lastebillass på ni kubikkmeter.

Haugland peikar på at vegen opp dalen er gamal, smal og svært dårleg fundamentert og at det hjelper lite med møteplassar for lastebiler når resten av vegen er så smal som i dag. Den vert nytta som skoleveg for ungar på sykkel og ungar sykklar til og frå trening på Heio-banen. Vegen rundt dalen er svært mykje nytta til turgåing og trening og Haugland-folket er redde for at den store trafikken med tunge lastebiler kan skapa farlege situasjonar og ulykker. Dei trur heller ikkje at vegen tåler den tunge trafikken og meiner det vil bli ulemper med å kjøra på ein nedsliten veg.

Steinar Haugland peikar også på at det ikkje føreligg konsekvensutgreiing knytta til natur og dyreliv.

Det frangår av planen at det ikkje er planlagt eit etappevis uttak. Dermed får ein eit stort sår på 140 mål som blir liggjande ope. Det mykje omtala såret/sandtaket i Nordrepollen er til samanlikning 15 mål. Planane for tilbakeføring til LNF-område er lite konkrete og det er ingen planar for kven som skal rydda opp etter ein eventuell konkurs.

Naboane er også svært redde for etterbruken av området. Dei ønskjer ikkje eit industriområde.

Haugland spør også korleis dette såret i kulturlandskapet høver med planane til Uskedal Utvikling om å utvikla Uskedalen til eit turistmål og viser til at turistane ofte seier at det finaste med den vakre dalen er å gå tur opp gjennom den.

Turvegen inn gjennom det gamle sandtaket er svært mykje nytta. Her går det ei rundløype opp til Børsdalen og ned til kalkdossieraren og vidare på den nye skogsvegen. Boka ved kalkdossieraren registrerar kvart år fleire tusen besøk.

Det står heller ingenting i planen om korleis ein vil hindra erosjon og avrenning til Uskedalselva sjølv om heile området skrånar mot elva og avrenning vil nå denne fort.

Elva er ei av dei beste fiskeelvene i regionen og mykje nytta av både lokale og turistar. Utvaska sandmasar i elvevatnet er svært farliege for fisken. Uskedalen har også ei av landets største hjortestammar, særleg området frå sandtaket til Hauglandsheio er eit viktig område for hjorten.

Haugland spør kva konsekvensar sandtaket får for hjortestamma og det biologiske mangfaldet i området.

Han kjem med denne oppsummeringa:

”Vi som naboar av det planlagde sandtaket er tilhengjarar av at folk skal kunna nytte ut ressursane som ligg på eigen eigedom. Men ein må sjå samfunnsnytta med ei utbyggjing opp mot dei ulempene naboar og ei heil bygd vert utsett for. Etter vår meining er samfunnsnytta med ei utbyggjing svært liten. Eit par arbeidsplassar sett opp mot støy, støv og visuell forureining, som i ytterste konsekvens kan føre til nedleggjing av bruk og fråflytting frå Haugland.

Fisk og dyreliv blir utsatt for farar som vi ikkje kjenner godt nok til i dag.

Til slutt vil og trafikkmiljøet opp dalen verta mykje meir belasta og farleg”

Av Ola Matti Mathisen



Dette er reguleringsplanen med det aktuelle område fargelagt. Hauglandkrysset midt i bildet. Manipulasjonen er gjort av Gaute Haugland.